



V Liv Ingebrigtsen

Rektor Qvigstads gt 31,

9009 Tromsø

den 24.august 2014.

Til Kulturdepartementet

### **Uttale om framlegg til endringar i Lov om stadnamn**

Lov om stadnamn av 1990 fastsett at gardsnamn skal vera skrivne i samsvar med opphavleg tyding, nedervd uttale og gjeldande rettskriving. Dette gjeld også for bruksnamn som fell saman med nedervd gardsnamn. Dvs at skrivemåten av eit gardsnamn skal overstyre skrivemåten av eit bruksnamn når bruksnamnet er avleidd av gardsnamnet.

Også namna på utskilte bruk er felleseige i lokalsamfunnet. Dei er vorte til på same vis som andre nedervde namn, og bør handsamast i høve til det. Det ville vera uheldig "å endre lova slik at eigaren av eit gardsbruk får rett til å bestemme skrivemåten av bruksnamnet, også når det er identisk med eit nedervd gardsnamn."

Stadnamna er ein del av kulturarven vår, og høyrer det norske samfunnet til. Dei er altså ikkje privat eigedom, slik etternamn er. Etternamn kan vera avleidd av gards- eller bruksnamn, og ha 200-300 år gamal skriftform og ei bokstavering utanfor norsk rettskriving.

Det er positivt at departementet slår fast i lovframlegget at skrivemåten av gardsnamn og vidare bruk av dei framleis skal vera eit offentleg ansvar. Lov om stadnamn har i det store og heile fungert godt. Av fleire grunnar ville det vera stuttenkt å endre ho etter ønskje frå nokre fåe enkeltpersonar:

1. I det moderne samfunnet med stor mobilitet er det stadig færre som kjenner dei lokale stadnamna. Krav til skilting, vegvisarar, avmerking på kart, GPS osv. krev samordna skriftleg form som ligg fast. Private innfall når det gjeld skriftleg form vil skiple dette.
2. Det vil kunne oppstå vanskar med å skilje mellom gards- og bruksnamn, sjølv om det er gjort ei viss avklaring. Utviklinga innan jordbruket fører t.d. til at mindre bruk ikkje sjeldan blir meir sentrale enn namnegardar. Bruksnamn kan såleis bli utgangspunkt for framtidig stadfesting

og vidare namngjeving. Går endringsforslaget igjennom, må ein dessutan rekne med endringar av namneform ved eigarskifte. Stabiliteten blir dermed rokka, og det kan få vidtrekkande følgjer fordi namn på kart, skilt osv. ikkje lenger vil stemme.

3. Endringsframlegget vil kunne føre med seg eit virvar av skrivemåtar når det er fleire bruk under ein namnegard. Same stadnamn brukt i ulike funksjonar, som på vegar, bruer, skular, kan innan eit geografisk område koma til å bli skrivne på ulikt vis. Det må vera eit mål at skrivemåten er så konsekvent som råd.
4. Dersom framlegget blir vedteke, kan ein ny eigar av eit bruk velje si eiga skriftlege form av bruksnamnet. Denne kan ha bakgrunn i tilfeldige dokument frå ei tid med forelda bokstavering og utan faste krav til stavemåte. Samanblanding med etternamn vil også kunne skje. Samsvaret med gjeldande norsk rettskriving kan da fort bli borte.

Nynorsklaget bed om at bruksnamna framleis bør handsamast som i gjeldande lov.

På vegner av Nynorsklaget

Liv Ingebrigtsen

leiar